



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege Fellesråd**

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 12.06.2020

**Møtebok Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Møtedato: 11.06.2020

Møtetid: kl. 09.00

Møtestad: Ortnevik kyrkje, deretter Bjordal kyrkje, Ikjefjord gravplass og Lavik kyrkje.  
Fellesrådsmøtet vart halde på Alværa Misjonscenter frå kl. 13.30.

**Til stades:**

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Monica Sunde Tjønnås, Sissel Sørebo, Andreas Ester, Bjørnar Otterstein.

**Kopi av møteboka går til:**

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Torunn Styve, Kenneth Førde, Frode Merkesvik, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.  
Godkjent utan merknader.

**Meldingssaker**

- 000008 Soknepresten har ordet**  
Andreas Ester delte nokre tankar over ein aktuell tekst
- 000009 Rekneskapsrapport pr. 31. mai 2020**  
Rekneskapsrapporten var vedlagt sakspapira, og vart gjennomgått i møtet.
- 000010 Framtida til Høyanger Bedehus**  
Rådmannen innstilte på å løyve 1 000 000 til etablering av livssynsnøytralt seremonirom i det som i framtida er tenkt som eit fleirbrukshus, men dette vart nedstemt i utval for Kultur og Folkehelse og i Formannskapet. Fellesrådet vil no vurdere korleis saka eventuelt kan kome vidare, men då som kyrkjelydshus for Høyanger sokn.
- 000011 Evaluering av videogudstenester**  
Dei videogudstenestene som så langt er sende, har fått mykje merksemd og god omtale. Planen er at videogudstenester i framtida vil bli produserte skjeldnare, for sending ca. ein gong i månaden.
- 000012 Bedriftskort for kyrkjevevja**  
Etter vedtak i fellesrådet er det no oppretta konto for Visa Debet bedriftskort, der det er sett inn kr. 20 000. Kyrkjevevja er ansvarleg for bruken, og tek vare på alle bilag.

## Vedtaksaker

### Sak 011/20 MØTEPLAN FOR 2. HALVÅR 2020

*Vedtak:* Neste møte i fellesrådet er 27. august kl. 10.00. Resten av møteplanen vert lagt då.

### Sak 012/20 LOKAL SMITTEVERNPLAN FOR KYRKJA I HØYANGER

*Vedtak:* Lokal smittevernplan for Kyrkja i Høyanger er godkjent. Den skal vere slått opp i alle kyrkjene.

### Sak 013/20 AVTALE OM KOSTNADSFORDELING VED KYRKJELEGE TENESTER

*Vedtak:* Avtalen mellom Sogndal kyrkjelege fellesråd og Høyanger kyrkjelege fellesråd om det økonomiske oppgjeret for kyrkjelege tenester i kyrkje og på gravplass etter justering av kommunegrensene frå 01.01.2020, er no formelt vedteken av Høyanger kyrkjelege fellesråd.

### Sak 014/20 UTVIDING AV SEKRETÆRSTILLING I KYRKJEVERJA SIN FERIE

*Vedtak:* Når kyrkjeverja har ferie, er det sekretæren som ivaretek og utfører kyrkjeverja sine oppgåver. Dette medfører større ansvar, og ei samla arbeidsmengde som det ikkje er mogeleg å klare innanfor 60% stilling. Difor vert sekretærstillinga kvart år auka til 100% i dei 7 vekene kyrkjeverja avviklar sin ferie.

### Sak 015/20 VAL TIL KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL

*Vedtak:* I kyrkjeleg fellesråd sitt møte den 11.06.2020, var det val til kyrkjeleg administrasjonsutval:

Arbeidsgjevar sine representantar:

May-Wenche Fossmark, Sturla Bell Fossen og Vidar Myren vart valde.

Som varamedlemer vart valde: Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad og Torunn Styve

Dei tilsette sine representantar, (valgt tidlegare):

Gerda Otterstein og Katarina Vattekar som medlemer,

Irene Aase Aarseth og Heike Müller som personlege vara.

Kyrkjeverja er sekretær, og førebur saker for utvalet.

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein  
Kyrkjeverje